

Moen støttar partifellen

22.03.2011

Uskedelingen Eskil Moen, som er tredjemann på Frp-lista i Kvinnherad, har skreve støtteerklæring til partifellen frå Rogaland som er sikta for snikfilming av menn utan at dei vissste om det.

Moens støtte-erklæring er å finna
på Facebook-sida til
politikaren og til BA seier han at partifellen
treng støtte i ei
tid når anklagane haglar.

- Eg ser at han får eit hardt kjør mot seg no. Men fram
til han er dømt så er han faktisk uskyldig, seier Moen.

Moen påpeikar også at det er snøgt gjort å
førehandsdømma
folk i media.

- Han skal vita at me har har eit rettsvesen i Noreg som tek ting
i den rekjkjefølgja det skal takast, seier Eskil Moen.